

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skrevet: 08.06.2006
 Saksbehandlar: Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: **Revidert budsjett 2006 og resultatkrav 2006**

Styresak 053/06 B

Styremøte 20.06. 2006

Bakgrunn

Administrerende direktør vil i denne saka legge fram forslag til disponering av revidert nasjonalbudsjett 2006, jf. St. prp. nr. 66 (2005-2006).

Inntektsramma og resultatkrav for 2006 blei fastsett under sak 005/06 B i møte den 8/2-2006 og det blei fatta følgjande vedtak:

1. *Konsernbudsjett 2006 for foretaksgruppa Helse Vest vart vedtatt med følgjande resultatkrav for foretakene:*

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	Konsern
Resultat	-14,0	0,0	-60,0	-30,0	0,0	0,0	110,0	6,0

2. *I inntektsramma som blei vedtatt under sak 114/05 B blir det gjort ei omfordeling som tilsvarar kostnadane knytt til intern laboratorieteneste levert frå Helse Bergen til dei andre helseforetakene. I tillegg blir det gjort ein korreksjon for interne gjestepasientstraumar mellom Helse Stavanger og Helse Fonna. For sist nemnde korreksjon er det og gjort ei omfordeling av resultatkravet. Desse forholda gjer følgjande justerte inntektsramme for 2006:*

(Samandrag av vedtak)

Inntektsfordeling 2006 - Samla inntektsramme	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM tildelt inntektsramme 2006 frå RHF - vedtak 15/12-2005	2 778 790	1 540 728	4 487 468	1 304 719	2 283 501	12 395 206
Korreksjon interne gjestepasientstraumar	-15 194	15 300	(93)	(13)		-
Omfordeling basert på kostnader laboratorieprøvar inneliggande pasientar	-4 364	-5 447	13 666	-3 855		-
SUM tildelt inntektsramme 2006 frå RHF - vedtak 5/2-2006	2 759 232	1 550 581	4 501 041	1 300 851	2 283 501	12 395 206
<i>Reduksjon av inntektsramma til HF'a som følgje av eksternt gjestepasientoppgjør:</i>						
Kostnad eksternt gj.pas.oppgjør	-97 635	-28 226	-48 540	-30 837	0	-205 238
Fakturering av gjestepasienter andre regioner	29 464	4 451	83 335	11 356	0	128 606
Kostnad kjøp av kurdøgnplassar	-4 695	-2 815	-6 596	-1 894	0	-16 000
SUM inntektsramme i HF'a	2 686 365	1 523 992	4 529 240	1 279 475	2 283 501	12 302 573

3. Styret er innforstått med at aktivitetskrav, budsjetttramme og krav til balanse i løpet av 2006 gir utfordringar for HFa. Styret vil difor i 2006 ha eit særleg fokus på kvalitet og på forholda for dei tilsette.

Det vil gjennom denne saka bli lagt fram forslag til korleis løyvinga i revidert nasjonalbudsjett skal disponerast samt fastsetting av resultatkrav for 2006. I tillegg vil det bli gitt ein orientering om omdisponeringar av budsjettmidlar i Helse Vest RHF sitt budsjett.

1. Revidert nasjonalbudsjett - resultatutfordring

Helse Vest har i revidert nasjonalbudsjett fått styrka basisramma med følgjande poster:

- Opptrapping i høve til ny inntektsfordeling kr 60,0 mill
- Legemiddelgruppa TNF hemmar kr 8,6 mill
- Sum auka basisramme kr 68,6 mill

Opptrapping ny inntektsfordeling

I Statsbudsjettet for 2006 (St.prp.nr.1 Tillegg nr 1) vart det varsla at ein vil vurdere ein reduksjon i overgangsperioden i forbindelse med budsjettforslaget for 2007. Det er no foreslått å løyve kr 100 mill ekstra for å forsere omfordelinga mellom dei regionale helseføretaka. Midlane blir fordelt med kr 60 mill til Helse Vest og kr 40 mill til Helse Midt. Helse Vest hadde ved tildelinga i statsbudsjett 2006 ein rest omfordeling på kr 87 mill. Med ei styrking på kr 60 mill i basisramma i 2006 står det igjen ein rest omfordeling i 2007 og 2008 på netto kr 45 mill. Tabellen under syner omfordelingsverknad for de enkelte regionale helseføretaka.

		Helse Øst	Helse Sør	Helse Vest	Helse Midt-N	Helse Nord	Sum landet
Rest skeivfordeling etter Budsjett-innst. S. nr. 11 (2005-2006)	A	11	100	-87	-54	30	0
Forsering 100 mill. kroner, RNB2006	B	0	0	60	40	0	100
Andel fordelt etter inntektsmodell	C	-36	-20	-19	-14	-12	-100
Omfordelingseffekt av skeivfordeling	D=B+C	-36	-20	41	26	-12	0
Rest skeivfordeling 2007	E=A+D	-26	80	-45	-27	18	0

Legemiddelgruppa TNF hemmar

Dei regionale helseføretaka har overtatt finansieringsansvaret for legemiddelgruppa TNF hemmar frå og med 1. juni 2006. Ved berekning av beløpet som vart overført i basisramma på kr 86,6 mill blei det anslått eit etterslep i betalingane med 1 månad. Det viser seg at apoteka får oppgjør kvar 14. dag. Det blir derfor overført eit beløp til basisramma som tilsvarer ytterlegare ein halv månads utbetaling. For Helse Vest utgjør dette kr 8,6 mill.

Det er satt i gang eit arbeid med å utarbeide ein fordelingsmodell for legemiddelgruppa TNF hemmar. Arbeidet er no slutført og fordeling av midlane vil derfor bli gjort i denne saka, jfr. pkt. 3 under omfordeling av budsjettmidlar

Den samla inntektsramma til Helse Vest blir etter revidert nasjonalbudsjett samt tekniske endringar som følgjer:

	(tal i heile tusen)	Kap. Post	Statsbudsjett 2006	Endring	RNB 2006
Førebels estimat ISF inntekt (overslagsbevilgning)	1)	732. 76	2 706 957	1 660	2 708 618
Basisramme		732. 73	8 915 009	68 600	8 983 609
Sjuketransport		732. 70	272 400	0	272 400
Forskning, utdanning og Medisinske kompetansesentre		732. 78	107 600	0	107 600
Psykisk helsevern		743. 75	286 703	0	286 703
Tilskot til opptreningsinstitusjoner		732. 70	59 600	0	59 600
Omlegging av arbeidsgiveravgift		732. 70	39 100	0	39 100
Nasjonale kompetansesentra for sjeldne funksjonshemmingar		732. 70	2 300	0	2 300
Ryggnettverket		728. 21	2 500	0	2 500
Tilskot til psykososialt arbeid for flyktninger (estimat)	2)		3 036	-3 036	0
Regionalt ressurscenter for vold, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging	2)		0	7 200	7 200
Sum estimert inntekt frå staten (ekskl. polikliniske inntekter)			12 395 206	67 224	12 469 630

1) ISF inntekta er eit overslag basert på bestillinga frå Helse Vest til eigne helseføretak og private ideelle. Denne posten inneheld ikkje inntekt knytt til produksjon av gjestepasientar hos andre regionar og private aktørar. Endringa i talet skuldast oppdatering av DRG poeng knytt til dei private ideelle.

2) Då inntektsramma for 2006 vart fordelt i møtet den 14/12-05 blei det lagt til grunn at tilskot til psykososialt tilskot for flyktningar vart vidareført. I samband med opprettinga av regionale ressursentra blei det føretatt ei omlegging av finansieringa av det psykososiale teamet frå og med 2006. Midlane blir no overført frå Sosial- og helsedirektoratet med kr 7,2 mill som dekker den samla drifta av senteret for 2006.

Kravet om eit resultat i balanse for 2006 står ved lag. Helse Vest har som følgje av endring av pensjonsføresetnaden fått ei auka resultatutfordring på kr 186 mill. Stortinget har bestemt at auka pensjonskostnad ikkje skal inngå i måling av balansekravet i 2006. Resultatbudsjettet for Helse Vest blei under sak 05/06 B fastsett med følgjande føresetnad:

Ordinært resultat (iht Rekneskapsloven)	-622
Meravskrivning strukturfond	133
Meravskrivning kortere levetider	218
Korreksjon pensjonskostnad (parametersett)	186
Resultat justert for meravskrivning og auka pensjonskostnad	-85
Meravskrivning investeringer 2002-2005	91
Resultatmåling i høve til styrevedtak	6

Helse- og Omsorgsdepartementet har gjort Helse Vest oppmerksom på at avskrivningar knytt til investeringar etter reformstart vil inngå i balansekravet. Dette inneber at justeringa på kr 91 mill ikkje vert akseptert ved måling av balansekrav. Helse Vest har såleis ein attverande resultatutfordring før revidert nasjonalbudsjett som utgjør kr 85 mill. Denne er tilnærma lik resterande del av vedtatt skeivfordeling som er kr 88 mill.

Fleire anleggsmiddel som låg i opningsbalansen ved reformstart fell no vekk slik at meiravskrivningar knytt til strukturfond og kortare levetider vil bli redusert. I regnskapet for 2005 blei meiravskrivning for høvesvis strukturfond kr 129 mill og kortare levetider kr 208 mill. Dette er kr 18 mill lågare enn budsjettet for 2006. Det er førebels uklart kor mykje meiravskrivningane faktisk vil bli i 2006, men dei vil bli lågare enn tala for 2005. Effekten av dette er at vår utfordring for å nå balanse i 2006 vil vera større enn minus kr 85 mill.

Resultatutfordringa for føretaksgruppa vil no med basis i ovannemnde forhold vere om lag kr 100 mill i forhold til resultatmålinga til eigar. For å redusere den økonomiske utfordring og risiko vil administrerande direktør tilrå at kr 60 mill i revidert nasjonalbudsjett blir halde tilbake i budsjettet til

RHF'et. Midlane blir nytta til å auke reserveposten. Reserveposten i RHF'et vil med denne disponeringa utgjere om lag kr 102 mill (jfr. kommentar under pkt. 9 nedanfor). Reserveposten vil såleis kunne lukke store deler av resultatutfordringa som føretaksgruppa har. Då er det sjølvstøtt ein føresetnad at helseføretaka leverer eit resultat i tråd med sine budsjett.

Usikkerheit/risiko knytt til ISF inntekta:

- Førebels ISF avrekning for 2005 er no fastsett. I omgrupperingsproposisjon som blei vedtatt i desember 2005 vart det varsla at kodepraksis for registrering av DRG var lågare enn føresett i statsbudsjettet. Dette innebar at akonto utbetaling til ISF vart auka med kr 38 mill for Helse Vest. Oppdatert informasjon om ISF oppgjeret for 2005 viser no at kodepraksis i 2005 vil gi ei tilleggsutbetaling på kr 23 mill. Dette er kr 15 mill lågare enn inntektsføringa som Helse Vest har lagt til grunn i årsoppgjeret for 2005. Avviket må derfor takast inn i resultatet for 2006. Dette har og den konsekvens at prisen for 2006 sannsynlegvis er satt for høgt. På same måte som i 2005 vil avvik frå føresetnaden bli korrigert i det endelige avrekningsoppgjeret. Det vil såleis ligge ein usikkerheit knytt til ISF inntekta for 2006.
- Fleire av HF'a har signalisert at den nye DRG grupperaren for 2006 gjev færre DRG poeng med same aktivitet. Forholdet er analysert nærare av Sintef og resultatet av dette arbeidet er tatt inn i eigen rapport datert 21.04.06 til dei regionale helseføretaka. Sintef konkluderer førebels med at refusjonsregelprosjektet ser ut til å være tilnærma budsjettnøytralt. Prosjektet gjev likevel ein omfordeling mellom helseføretaka. Det vil bli gjort ei oppfølging av føresetnadene for omlegginga i 2006 i analysane av 1. tertialdata og i årsoppgjeret for 2006. Det er derfor førebels uklart kort store effektane faktisk er og korleis dette vil bli handtert innan ISF systemet. Helse Vest må derfor komme tilbake med nærare informasjon om konsekvensane og eventuell handtering av situasjonen på eit seinare tidspunkt.
- Helse Førde har no omorganisert pasientsystemet slik at føretaket står fram som ein samla institusjon, mot tidlegare sju institusjonar. Dette vil gje 161 færre DRG poeng samanlikna mot tidlegare organisering. Det er sendt søknad til HOD om å få kompensert for inntektsbortfallet. HOD har gitt melding til Sosial og Helsedirektoratet om at det blir lagt til rette for slik kompensasjon, og Helse Vest legg derfor til grunn at dette blir ordna.

Helseføretaka rapporterer betydelege resultatavvik pr. første tertial 2006. Resultatavviket utgjer kr 136 mill pr. april. Administrerande direktør vil her understreke nødvendigheita av at helseføretaka har ei stram oppfølging av resultatmåla og at det blir arbeida vidare med iverksetting av tiltak for å nå budsjettet for 2006.

Administrerande direktør vil derfor tilrå at resultatkravet til det enkelte helseføretak blir oppretthaldt i tråd med vedtaket i sak 05/06 B. Helseføretaka må arbeide vidare med tiltak for å lukke budsjettavviket slik at dei kan levere eit resultat i tråd med budsjettet.

Omdisponering av budsjettpostar i RHF budsjettet

1. Rusomsorg

Helse Vest har i vår gjennomført drøftingar med dei aktuelle avtaleinstitusjonar for å fastsette bestilling og budsjettildeling for 2006. Det er forventa at dette arbeidet skal være sluttført i nær framtid. I tildelinga til avtaleinstitusjonane er det gjort fråtrekk for polikliniske refusjonar og eigenbetaling. Samla budsjett for rusområdet utgjer kr. 312,3 mill for 2006.

To av institusjonane er organisert under kvart sitt helseføretak. Dette gjeld Floen kollektivet som ligg under Helse Bergen og ungdomseininga Tuestad som no er overført frå Haugaland A-senter til Helse

Fonna. I tillegg er rusvernkontora i regionen underlagt dei respektive helseføretak. For å gje helseføretaka ei samla oversikt over inntektsfordelinga frå Helse Vest blir no dei aktuelle budsjettpostane overført i basisramma.

Gjesteplassar rus

I samband med at lov om pasientrettar vart gjeldande innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmissbruk den 1. september 2004, har det vore ein kraftig og stadig vekst i kjøp av gjesteplassar utafor Helse Vest sin region.

Det er vurderingseiningane (hovudsakeleg poliklinikkar) som vurderer om det er behov for ein gjesteplass til ein pasient, vanlegvis for å overhalde den individuelle fristen. I tillegg kan pasientane velje etter ordninga med fritt sjukehusval på alle behandlingsplassar som inngår i det offentlege helsetilbodet. Med utgangspunkt i kostnadsutviklinga som har vore etter overtakinga av ansvaret ser vi no behov for å få betre kontroll over kjøpet av gjesteplassar og ein betre bruk av ressursane lokalt. Det første skrittet blei tatt gjennom styringsdokument for 2006 der helseføretaka blei gitt koordineringsansvaret. Administrerande direktør vil rå til at ansvaret for kjøp av gjesteplassar samt tilhøyrande betalingsansvar blir lagt til helseføretaka. Dette blir gjort med verknad frå og med 1. juni 2006.

Budsjettmidlane blir fordelt til helseføretaka med utgangspunkt i faktisk bruk 1. tertial 2006. Dette for å unngå store omfordelingseffektar i inneverande budsjettår.

Midlane som blir fordelt i denne saka vil tilsvare 7 månader av totalbudsjettet for 2006, det vil seie kr 30,167 mill.

For å avdempe risiko og ulempe for helseføretaka vil Helse Vest for 2006 dekke 50 % av eventuelt overforbruk i forhold til budsjettmidlane. Den resterande delen må helseføretaka dekke sjølv.

Dette gir følgjande fordeling av midlar til gjesteplassar rus for det enkelte helseføretaka i 2006:

Helseføretak	%-fordeling faktisk forbruk	Budsjett
Helse Stavanger	37,1 %	11 207
Helse Fonna	5,5 %	1 644
Helse Bergen	37,9 %	11 434
Helse Førde	19,5 %	5 882
TOTAL		30 167

Samla tildeling av midlar til helseføretaka innan rusområdet blir då som følgjer

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Ungdomseininga Tuestad		13 538			13 538
Floen kollektivet			14 095		14 095
Rusvernkontor HF	1 331	515	1173	525	3 544
Gjesteplassar rus	11 207	1 644	11434	5 882	30 167
SUM	12 537	15 698	26 702	6 407	61 344

Budsjettpostane i tabellen er innarbeida i ny basisramme til helseføretaka.

Samla budsjett til rusområdet utgjer følgjande:

Institusjonar med driftsavtale	kr 184,4 mill
Helseføretaka	31,1 mill
Legemiddelassistert rehabilitering	41,6 mill
Andre avtalar	3,5 mill
Gjesteplassar rusbehandling	<u>51,7 mill</u>
SUM	<u>kr 312,3 mill</u>

2. TNF hemmar

Som følgje av at Helse Vest overtar ansvaret for TNF hemmar frå og med 1. juni 2006 er det gjennomført ein prosess for å kome fram til ein modell for fordeling av midlane. I prosessen har dei aktuelle fagmiljøa vore involvert, og resultatet av dette arbeidet har vore presentert og drøfta i fagdirektørmøtet og på AD-møtet den 29. mai 2006.

Ein har i så stor grad som mulig søkt å følgje prinsippa som er fastsett i inntektsmodellen ved fordeling av midlane og såleis lagt til grunn somatikknøkkelen. Haugesund Sanitetsforeining Revmatismesjukehus har ein stor del av aktiviteten knyt til dette fagfeltet i opptaktsområdet til Helse Fonna og Helse Stavanger (ca 75 %). Tildeling til private ideelle blir normalt gjort utafor inntektsmodellen. Vi har derfor valt å ta utgangspunkt i historiske tal når midlane til HSR blir fordelte. Desse midlane er trekt i frå tildelinga til Helse Fonna og Helse Stavanger.

Den valte modell gir då følgjande fordeling i 2006:

Helse Stavanger	kr 11,1 mill
Helse Fonna	kr 0,4 mill
Haugesund Revmatisme Sjukehus	kr 33,2 mill (75 % Fonna/Stavanger området)
Helse Bergen	kr 39,2 mill
Helse Førde	<u>kr 11,3 mill</u>
Totalt	<u>kr 95,2 mill</u>

Midlane som her vert fordelt skal dekke 7 månader. Dei vil dekke bortfall av sideutbetaling for remicadebehandlingar for chronspasientar og bortfall av refusjon frå sjukehusapotek/RTV for remicade gitt for andre godkjente indikasjonar. Midlane skal og dekke bortfall av den refusjon apoteka har fått frå RTV for medikament som er føreskriven på blå resept. Etter 1. juni vil helseføretaka/sjukehus få faktura frå apoteka. Midlane skal altså ikkje dekke helseføretaka/sjukehus sine medikamentkostnader til innlagte pasientar, bare bortfall av tidlige refusjonsordningar.

3. Opptrappingsplan psykiatri 2006

Helse Vest har for 2006 fått tildelt kr 63,9 mill i opptrappingsmidlar psykiatriplan. Av dette beløpet utgjer kr 6,5 mill prisjustering av tidlige tiltak. Nye friske midlar er då kr 57,4 mill for 2006. I 2006 blir det ein omlegging av finansieringa av Hetlandstunet ungdomssenter som er driven av Barne- ungdoms- og familievernet (Bufetat vest). Dette inneberer at det blir frigjort kr 5 mill. i budsjettet til Helse Vest. Samla midlar til fordeling i 2006 blir då kr 62,4 mill og blir fordelt som følgjer:

Helseforetak	Beløp – mill. kr	Formål
Helse Førde HF	7,5	Drift av ny ungdomspsykiatrisk avdeling
Helse Bergen HF	23,0	Styrking av barne- og ungdomspsykiatrien og DPS-ene
Helse Fonna HF	8,7	Styrking av barne- og ungdomspsykiatrien og DPS-ene
Helse Stavanger	17,2	Styrking av barne- og ungdomspsykiatrien

HF		og DPS-ene
Sum Helseføretak	56,4	
Private ideelle	6,0	
Sum opptrapping	62,4	

4. Nasjonale kompetansesentra

Tilskot til finansiering av nasjonale kompetansesentra i Helse Vest har tidlegare blitt utbetalt utafor basisramma. Midlane vert no lagt inn i basisramma og utgjer følgjande beløp i 2006:

Kompetansesenter	Helseføretak	Budsjett 2006
Nasjonalt kompetansesenter i funksjonell magnetisk resonans avbildning	Helse Bergen	Kr 745 000
Nasjonalt kompetansesenter for leddprotesar	Helse Bergen	Kr 745 000
Nasjonalt kompetansesenter for søvnsjukdomar	Helse Bergen	Kr 851 000
Nasjonalt kompetansesenter for bevegelsesforstyrningar	Helse Stavanger	Kr 1 064 000
Vestibulære sjukdomar	Helse Bergen	Kr 426 000
Gastroenterologisk ultrasonografi	Helse Bergen	Kr 426 000
Totalt		Kr 4 257 000

5. Regionalt ressurscenter for vold, traumatisk stress og sjølvmoedsførebbygging

I inntektsfordelinga for 2006 som vart vedtatt i møtet den 8/2-06 vart det lagt inn eit tilskot på kr 3,036 mil til psykososialt arbeid til flyktningar. Beløpet var basert på vidareføring av tidlegare års tilskot. I samband med opprettinga av dei regionale ressurscenter blei det føretatt ei omlegging av finansieringa av det psykososiale teamet frå og med 2006. Midlane vert no overført frå Sosial- og helsedirektoratet med kr 7,2 mill som dekker den samla drifta av senteret for 2006. Midlane er lagt inn i ramma til Helse Bergen og erstattar det tidlegare tilskotet til psykososialt arbeid til flyktningar.

6. Private ideelle

Helse Vest har saman med dei private ideelle gjennomført drøfting av bestilling og budsjettamme for 2006. Drøftingane har vore krevjande og det er særleg tilskot til handtering av kapital samt dei økonomiske konsekvensane av endra pensjonsføresetnad som har hatt høg fokus. Det er framleis institusjonar som ikkje har godtatt tilbodet frå Helse Vest. Dette grunna ein uavklart situasjon rundt handtering av auke pensjonskostnad

I samband med bestillinga for 2006 har Helse Vest auka tilskot til kapital med kr. 2 mill til dei private ideelle. I tillegg er det gjort ei avstemming av DRG produksjon på dei private ideelle slik at denne samsvarer med produksjonsnivået for 2005 pluss 1 % kodeforbetring. Dei private ideelle vil samla sett få kr 6 mill i opptrappingsmidlar psykiatri og totalt budsjett for 2006 utgjer då som følgjer:

Førebels budsjettamme (sak 114/05 B)	kr	757,8 mill
Justering for DRG poeng (tilsvarande inntektspost)		1,7 mill
Auka kapitaltilskot		2,0 mill
Tilskot som mangla i førre sak		<u>0,3 mill</u>
SUM	kr	761,8 mill
Opptrappingsplan psykiatri		<u>6,1 mill</u>
Samla budsjettamme private ideelle	kr	<u>767,9 mill</u>

7. Andre avtaler

Det låg opphavlig inne ei budsjettramme på kr 16,9 mill til å dekke diverse tiltak kor Hetlandstunet er den største enkeltposten. Finansiering av Hetlandstunet er frå og med 2006 endra slik at utbetalinga direkte frå Helse Vest blir lågare. I tillegg er det gjort ein gjennomgang av dei andre tiltaka som tidlegare har vore budsjettert under denne posten. Samla sett blir denne posten redusert med kr 9,9 mill som blir nytta til opptrapping innan psykiatriplanen med kr 7,1 mill samt dekking av budsjettpostar som ikkje var fanga opp under inntektsfordelinga i møtet den 8/2-06. Samla budsjett på denne posten utgjer etter desse justeringane kr 7 mill.

8. Nasjonalt kunnskapssenter

Ved framlegg av inntektsfordeling 2006 og budsjett 2006 Helse Vest RHF blei det ved ein feiltaking ikkje lagt inn budsjettmidlar til kunnskapssenteret. Helse Vest sin del utgjer kr 1,2 mill.

9. Helsebibliotek

Helsebiblioteket skal formidle oppdatert faglig kunnskap slik at den er lett tilgjengeleg i den kliniske kvardag tilpassa helsepersonellens behov. Ordninga blir finansiert av dei regionale helseføretaka og Sosial og Helsedirektoratet. Dei 5 regionale helseføretaka skal dekkja 1/5-del kvar der Helse Vest sin del utgjer kr 1,4 mill.

10. Nasjonal IKT

Sak om revisjon av strategi- og tiltaksplan for 2006/2007 for Nasjonal IKT blei behandla av styret i Helse Vest under sak 046/06 i møtet den 3/5-2006. Kwart RHF vil i 2006 bli fakturert for 1/5 del av kr 23,4 mill og for Helse Vest utgjer dette kr 4,673 mill. Beløpet var ikkje innarbeid i budsjettet som vart lagt fram i møtet den 8/2-06.

I tillegg skal dei 5 regionale helseføretaka finansiere drifta av HER (Helse enhets registeret) fram til registeret har eit bruksomfang som gjer det mulig å ta i bruk andre finansieringsordningar. For Helse Vest utgjer dette kr 0,510 mill.

Samla budsjett til Nasjonal IKT blir å kr 5,183 mill i 2006.

11. Reserve for å fange opp usikkerheit

Det er framleis usikkerheit knytt til det samla budsjettopplegget og oppnåing av resultatkravet for 2006. I RHF'et er denne usikkerheita spesielt knytt til kjøp av gjestepasientar innan rusomsorga og kjøp av helsetenester i sin alminnelegheit. Basert på resultatutviklinga pr. første tertial er det og ei stor usikkerheit rundt resultatoppnåinga i helseføretaka.

Ved måling av resultatkravet i kvar helseføretak er det lagt inn ein korreksjon for meiravskrivingar knytt til investeringar i perioden 2002 til 2005 som utgjør kr 91 mill. Eigar har presisert at desse avskrivingane inngår i resultatkravet og at Helse Vest derfor ikkje kan korrigere for desse. For å redusere risikoen i forhold til resultatoppnåinga og samtidig vere i stand til å oppretthalde det høge aktivitetsnivået i helseføretaka, vil Helse Vest nytte dei kr 60 mill i revidert nasjonalbudsjett til å auke reserveposten

Reserveposten vil etter disponeringa i denne saka vere som følger:

Reservepost i sak 114/05 B	45,0
Opptrapping skeivdeling	60,0
Justering for nye budsjettpostar	- 3,1
Attverande reserve	<u>101,9</u>

Med utgangspunkt i løyvingane i revidert nasjonalbudsjett og omdisponeringar av budsjettpostar i Helse Vest RHF kan ein oppsummere endringane i følgjande tabell:

Revidert nasjonalbudsjett og omdisponeringar budsjett RHF	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM disponering
Auka basisramme RNB					68600	68600
ISF inntekt justert for bestilling private idelle					1661	1661
Korreksjon Regionalt ressurscenter for vold, traumatisk stress og sjølvmoedsførebbygging (Sosial- og Helsedirektoratet)					7200	7200
Psykososialt tilskot flyktningar					-3036	-3036
SUM endring inntektsramme	0	0	0	0	74425	74425
Omdisponeringar i RHF budsjettet:						
Midler til rusomsorg overført i ramme	1331	14053	15268	525	-33335	-2158
Midlar til gjestepasientar rus overfør i ramme	11207	1644	11434	5882	-30167	0
Opptappingsplan psykiatri	17200	8700	23000	7500	-57389	-989
TNF hemmar - styrking ramma i RHF'et					8600	8600
TNF hemmar - fordelt HF-a	11100	400	39200	11300	-62000	0
Fordelt midlar til nasjonale kompetansesentra	1064		3193		-4257	0
Omdisponert opptappingsmidler fra budsjettposten andre avtaler (Hetlandstunet) til opptappingsmidlar psykiatri					6100	6100
Kapitaltilskot private ideelle samt korreksjon av ISF/tilskot					4005	4005
Korreksjon Regionalt ressurscenter for vold, traumatisk stress og sjølvmoedsførebbygging			7200			7200
Psykososialt tilskot flyktningar (utgåar)			-3036			-3036
Andre avtaler					-9945	-9945
Kunnskapssenter					1200	1200
Helsebibliotek					1400	1400
Nasjonal IKT					5183	5183
Reserve					56865	56865
SUM omdisponering av budsjettmidler	41902	24797	96259	25207	-113740	74425

Dette gjer følgjande inntektsramme til helseføretaka:

Inntektsfordeling 2006 - innanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering	700 190	364 348	1 065 981	279 069		2 409 589
ISF pasienter behandla i andre regionar	48 818	14 113	24 270	15 419		102 619
ISF pasienter behandla for andre regionar	-14 732	-2 226	-41 667	-5 678		-64 303
SUM ISF	734 275	376 236	1 048 584	288 810		2 447 905
Inntektsramme Helse Vest RHF					2 169 761	2 169 761
Basis somatikk	617 057	327 110	574 750	253 684		1 772 601
Basis somatikk fordelt etter produksjon	349 872	192 569	604 825	139 446		1 286 713
Kostnadskomponent, somatikk	181 318	104 223	515 578	76 713		877 831
Basis psykiatri	505 036	336 739	661 387	220 284		1 723 446
Kostnadskomponent, psykiatri			28 600			28 600
Ambulanse	60 650	69 083	152 295	91 901		373 929
Stukturtilskot		23 218	18 324	44 095		85 637
Tilskudd til landsfunksjonar			36 200			36 200
Internt gjestepasientoppgjør	-36 280	-83 271	174 737	-55 185		0
Fordelt kapitaltilskot	184 659	103 231	301 857	76 471		666 218
Sum fordelt etter modell	2 596 586	1 449 139	4 117 136	1 136 219	2 169 761	11 468 841
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter faktisk kostnad *)	17 043	5 944	-8 699	4 870		19 158
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter somatikkmodell	5 622	3 370	7 898	2 268		19 158
Sum fordelt etter modell inkl. ekstern gj.pas.oppgjør - inntektsramme fra Helse Vest til HF	2 619 251	1 458 453	4 116 336	1 143 357	2 169 761	11 507 157

Inntektsfordeling 2006 - Utanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Tilskudd i basisrammen						-
Poliklinikk overført basisramme		Overført til inntektsmodellen				-
Halvering lab/røntgen satsar	41 115	14 446	73 668	13 042		142 271
Kreftplan	7 112	1 087	9 401	2 580		20 180
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift	-	9 791	486	28 815		39 092
Kompensasjon for el-avgift	4 879	5 249	10 550	2 830		23 508
Internt lab/røntgenoppgjør	-4 364	-5 447	13 666	-3 855		-
Rusomsorg	1 331	14 053	15 268	525		31 177
Gjesteplassar rusområde - fordelt etter forbr.	11 207	1 644	11 434	5 882		30 167
TNF hemmar	11 100	400	39 200	11 300		62 000
Særskilte tildelinger						
"Mor og Barn" prosjekt	426					426
Øremerket tilskudd						-
Opptrappingsplan psykiatri 2004	4 182	2 498	4 952	2 761		14 393
Opptrappingsplan psykiatri 2005	10 715	9 174	17 498	9 153		46 540
Opptrappingsplan psykiatri 2006	17 200	8 700	23 000	7 500		56 400
Tilskot til utdanning	10 762	5 385	92 477	4 077		112 701
Kompetansesentre:						
Regionale kompetansesentre	1 760		2 129			3 889
Regionale komp.sentre- kreftplan			17 314			17 314
Nasjonale med. komp. Sentre			26 141			26 141
Nasjonalt kompetansesenter i funksjonell megnetisk resonans avbildning (fMRI)			745			745
Nasjonalt kompetansesenter for leddproteser			745			745
Nasjonalt kompetansesenter for søvn sykdommer			851			851
Nasjonalt kompetansesenter for bevegelsesforstyrrelser	1 064					1 064
Vestibulære sykdommer			426			426
Gastroenterologisk ultrasonografi			426			426
Syke transport	51 357	47 945	97 657	96 901		293 861
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	3 705					3 705
Regionalt ressurscenter for vold, traumatisk stress og sjølv mordsførebbygging			7 200			7 200
Insulinpumper	2 608	1 538	4 576	832		9 554
Dyrare legemiddel	844	464	1 453	358		3 120
Lassatjern behandlingssheim overf. frå RHF	4 877					4 877
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF			9 700			9 700
SUM tildelt inntektsramme 2006 frå RHF	2 801 133	1 575 379	4 597 299	1 326 057	2 169 761	12 469 630
<i>Reduksjon av inntektsramma til HF'a som følgje av eksternt gjesteapsientoppgjør:</i>						
<i>Kostnad eksternt gj.pas. oppgjør</i>	-97 635	-28 226	-48 540	-30 837		-205 238
<i>Fakturering av gjestepasienter andre regioner</i>	29 464	4 451	83 335	11 356		128 606
<i>Kostnad kjøp av kurdøgnplassar</i>	-4 695	-2 815	-6 596	-1 894		-16 000
SUM inntektsramme i HF'a	2 728 267	1 548 790	4 625 498	1 304 682	2 169 761	12 376 997

Sjå vedlegg 1 for nærmare spesifikasjon av disponering og endring av dei enkelte postane i budsjettet til Helse Vest RHF.

3. Resultatkrav 2006

Resultatkravet for helseføretaka vart fastsett i styresak 05/06 B i møte den 8/2-2006.

Helse Førde har i eget brev av 28.03.2006 søkt om å få redusert resultatkravet i 2006 med kr 6,9 mill slik at resultatkravet blir om lag minus 37 mill. Dette er grunna i at ny prismodell for IKT kostnader gjev ein kostnadsauke for Helse Førde samanlikna med dei budsjettmessige føresetnader som var lagt til grunn i 2005 budsjettet. Helse Vest har i svar til Helse Førde understreka at dei må styre verksemda i tråd med resultatkravet på minus kr 30 mill, men at resultatkravet vil bli vurdert på ny i forbindelse med revidert budsjett.

I revidert nasjonalbudsjett er resultatkravet til Helse Vest stadfesta og dette inneber at Helse Vest skal levere eit resultat i balanse for 2006. Helseføretaka står overfor betydelege utfordringar og må tilpasse drifta innafor fastsett ramme.

Etter ein samla vurdering vil administrerande direktør tilrår at resultatkravet blir oppretthaldt som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	Konsern
Resultat	-14,0	0,0	-60,0	-30,0	0,0	0,0	110,0	6,0

Forslag til vedtak

1. Styret sluttar seg til forslag om disponering av midlar i revidert nasjonalbudsjett samt omdisponering av budsjettmidlar som følgjer:

Revidert nasjonalbudsjett og omdisponeringer budsjett RHF	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM disponering
Auka basisramme RNB					68600	68600
ISF inntekt justert for bestilling private idelle					1661	1661
Korreksjon Regionalt ressurscenter for vold, traumatisk stress og sjølvmoedsførebygging (Sosial- og Helsedirektoratet)					7200	7200
Psykososialt tilskot flyktningar					-3036	-3036
SUM endring inntektsramme	0	0	0	0	74425	74425
Omdisponeringer i RHF budsjettet:						
Midler til rusomsorg overført i ramme	1331	14053	15268	525	-33335	-2158
Midlar til gjestepasientar rus overfør i ramme	11207	1644	11434	5882	-30167	0
Opptappingsplan psykiatri	17200	8700	23000	7500	-57389	-989
TNF hemmar - styrking ramma i RHF'et					8600	8600
TNF hemmar - fordelt HF-a	11100	400	39200	11300	-62000	0
Fordelt midlar til nasjonale kompetansesentra	1064		3193		-4257	0
Omdisponert opptappingsmidler fra budsjettposten andre avtaler (Hetlandstunet) til opptappingsmidlar psykiatri					6100	6100
Kapitaltilskot private ideelle samt korreksjon av ISF/tilskot					4005	4005
Korreksjon Regionalt ressurscenter for vold, traumatisk stress og sjølvmoedsførebygging			7200			7200
Psykososialt tilskot flyktningar (utgår)			-3036			-3036
Andre avtaler					-9945	-9945
Kunnskapssenter					1200	1200
Helsebibliotek					1400	1400
Nasjonal IKT					5183	5183
Reserve					56865	56865
SUM omdisponering av budsjettmidler	41902	24797	96259	25207	-113740	74425

2. Resultatkravet for 2006 blir som fastsett i sak 05/06 B:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	Konsern
Resultat	-14,0	0,0	-60,0	-30,0	0,0	0,0	110,0	6,0

Spesifikasjon på disponering av budsjettpostane i Helse Vest RHF

Disponering av inntektsrammen i Helse Vest RHF:

	Budsjett	Endringar	Revidert budsjett
	2 006		2006
Kjøp av helsetjenester innenfor "sørge for ansvaret"			
Tilskot Apoteka vest	6 375		6 375
Tilskot til influensasenteret i Bergen	2 287		2 287
Driftsavtalar private institusjonar	757 825	4 006	761 831
Opptrappingsplan psykiatri private ideelle	0	6 100	6 100
TNF hemmar Haugesund revmatismesjukehus		33 176	33 176
Driftstilskot private legar	144 102		144 102
Rusbehandling	314 502	-63 502	251 000
Kjøp av helsetjenester og dekning av særskildte kostnader til helseføretaka	20 000		20 000
Norsk Pasientskade Erstatning - premie	22 196		22 196
Andre avtalar	16 930	-9 946	6 985
Lab/røntgen offentlig	42 000		42 000
Lab/røntgen privat	85 000		85 000
Luftambulansen	58 082		58 082
Fritt sjukehusvalg	500		500
Helseradionett	476		476
Gjestepasientoppgjør - 2006 gjelde kun privat gjestep.	118 101		118 101
SUM	1 588 377	-30 166	1 558 211
Tilskuddsordinger			
Regionsykehusstilskot Bergen Legevakt	353		353
Tilskot brukarorganisasjonar	6 386		6 386
Sjøfartsmedisin	1 000		1 000
Ammesenter ved Rikshospitalet	213		213
UFD Studenthelsetjeneste	90		90
Regionalt brukarutval	286		286
SUM	8 328		8 328
Tilbakeholdte midler/fordeles direkte fra RHF			
Tilskot til forskning	101 000		101 000
Sjuketransport - administrasjon av ordninga	26 360		26 360
Opptrappingsplan psykiatri	57 389	-57 389	-
NPE - Erstatningsansvar	66 942		66 942
Tilleggsref ISF - samordn. Høykostprosedyre	1 510		1 510
Adm. Resurser opptrening	800		800
TNF hemmere	86 576	-86 576	-
Kreftplan Høgskolen i Bergen	472		472
Kvalitetsregistre (overført fra SH dir)	6 000		6 000
Tilskot til utdanning av stråleterapeuter	2 700		2 700
Norsk helsenett	4 000		4 000
Kunnskapssenter		1 200	1 200
Helsebibliotek		1 400	1 400
Nasjonal IKT		5 183	5 183
Implementering av OK 2007	8 000		8 000
Tilskot til opptreningsinstitusjoner	78 100		78 100
Tilskot til nasjonale kompetansesentere	4 257	-4 257	0
Tilskudd regionale/nasjonale kompetansesentre (ekstra tilskot)	2 084		2 084
Nasjonale kompetansesentre for sjeldne funksjonshemninger	2 300		2 300
Ryggnettverket	2 500		2 500
Konserntillitsvalde	3 100		3 100
Internrevisjon	4 000		4 000
Overskudd i RHF	110 000		110 000
Reserve for å fange opp usikkerheit	45 000	56 865	101 865
SUM	613 091	-83 574	529 517
Helse Vest morselskap			
Administrasjon Helse Vest - kostnadsramme	70 705		70 705
Tilskudd til avskrivning Helse vest	3 000		3 000
SUM	2 283 501	-113 740	2 169 761